

proas



Proas1065

Proas AS

Leikongvegen 329

6080 GURSKØY

post@proas.no

Tlf: 936 99 653

www.proas.net

Oversikt over standard leveringsomfang

Båten vert bygd etter fyljande normer:
Nordisk Båtstandard. Forskrift om fiske og fangstfartøy under 15 meter.
Forskrift om maritime elektriske anlegg.

L = 1065 B= 405 - Dekk L= 485 B= 389 - Volum lasterom 12,5 kbm - Fart ca 22 knop

- **Skrog/dekk/overbygg**

Skrog, dekk, rekker, bakk, og overbygg i GRP. Mesanhus med dør i aluminium. *To delt Libra dør til styrhus.* Skylight som rømmingsveg frå lugar på framdekk. Lasteromsluke i aluminium med småluke om lag 50x50cm. Fastskrudd flush luke over maskinrom. Inn støypt rør til baugpropell. Trimtank under dørk i lugar. Solid NORselast FL 11 fenderlist. Slitebelte støypt på SB side. *Vindu med isolerglass i 8+5 herda med aluminiumsramme i front og på sider. 2 stk vindusviskere m intervall.*

- **Framdriftsanlegg**

Motor: *Cummins 8,3l (500hk), Vgir m-sluring*, fleksibel hylse med grease/vassmurt gummilager, pakkboks med talgpakning, rustfri aksel, fireblada propell. Ror. Rustfri roraksel med beslag og skroggjennomføringer. *Zipwake automatiske trimflaps. Hydraulisk baugthruster.*

- **Elektrisk anlegg**

To pola anlegg. Batteri: Start 2x110amp. / forbruk 2x140amp. / VHF 40amp. Brytar for naudsamankopling av batteri. Felles brytar og sikringstavle bak på SB side i styrhus. Alarmsentral for vasstand, røyk, og varme i maskinrom samt røyk i styrhus. Lanternekontroll. Tre NUC lanterner samt to rundtlysande raude lanterner og ei kvit lanterne. 2 stk. lysarmaturar i maskinrom. 1 dekklys i mast. Innfelt led lys i tak styrehus og lugar. *Landstraum m 230v inverter, landkabel og 1 dobbel stikkontakt i pantry, 1 i lugar, 1 i tørkerom og 1 i maskinrom.*

- **Pumper**

Manuell pumpe for maskinrom i maskinromsnedgang. Elektrisk pumpe i maskinrom og innreiing/lugar med brytarar i styrhus. Elektrisk pumpe i lasterom, 1,5toms spylepumpe med magnetkløtsj og uttak i mesanhus. Pumpe i lasterom og spylepumpe har brytar på maskinromsnedgang.

- **Tankar**

2 stk. dieseltankar ca à 500 l med stengehøve på dekk i tilfelle brann. 1 stk. vasstank ca 180 l. Varmtvasstank ca 30 l med oppvarming frå kjølvatn på motor. Trimtank under lugardørk ??? l

- **Rekker/leider**

Rekker, handtak på styrhustak og naudleider på hekk i polert syrefast stål.

- **Fortøyingsutstyr**

To kraftige pullertar på framdekk, en på kvar side og en på kvar side akter. Anker med kjetting og line.

- **Mast**

Radarmast med monteringsplate for radar, lyskastar, antenner og mast for signallys.

- **Hydraulikk/ Styring. Hydraulikk anlegg 65kb m 90 l tank og baugthruster.**

Hydraulisk styring med ratt inne.

- **Kontrollhendlar**

ZF- Elektroniske manøverhendler med sluring på dekk og i styrhus.

- **Interiør styrhus/lugar**
To separate lugarer, en med 1 køy og en med to køyer. Bad/toalett i baug. Skott i styrhus og lugar er trekte med polstra grå skai. I tak er det plater trekte med polstra skai. Benke- og sofasider i grå plast. Skapdører/skuffefrontar, benkeplate i eik laminat, lister, bord osv. i eiklaminat. Dørk er belagt med vinylbelegg.
- **Stol, puter og madrassar**
NorSap R-0012 styrestol i svart hud med fotkviler. Sofaputer i matchande farge til styrestol.
3 stk. madrassar i lugar med gråaktig tekstil trekk.
- **Baderom.**
Elektrisk pumpetoalett, benk med vask og blandebatteri, dusj m/stang og blandebatteri. Vegger og golv i plast, lys farge. Pumpe for avlaupsvatn frå dusj.
- **Pantry i styrehus**
Benkeseksjon med skap, skuffeseksjon og kjøleskap. Overskap i heile benkens lengde. Benkeplate i laminat med rustfri oppvaskkum og blandebatteri tilkobla trykkvasspumpe. Mikrobølgeovn 230v. Koketopp, induksjon 230v med to plater og gryteholder.
- **Tørkerom**
Tørkerom for arbeidskle med tilkomst frå dekk.
- **Varme**
Dieselvarmar med 3 uttak og varmar driven av motoren sitt kjølvatn med følgjande uttak: 1 stk. i styrhus og lugar. Defrosterdyser i styrehus under frontrute.
- **Redningspakke**
Redningsflåte 4 person, 1 overlevingsdrakt, 1 livbelte med lys, 1 Jotron nødpeilesendar, 1 Jotron AIS-SART, 1 Jotron VHF radio, 6 fallskjerm-rakett, 4 håndbluss, 2 røyksignal boks, 3 brannslukkere 6KG pulver, 1 livbøye 2,5KG m/ bøyelys og line. 1 stk VHF fastmontert i konsoll over vindu i styrhus.
- **Ballast**
Ev. naudsynt ballast er innstøypt
- **Forsikring**
Proas AS held båten *forsikra i byggjetida.* Ved overtaking tek kjøpar over forsikringsansvaret.
- **Godkjenning**
Godkjenning av radioanlegg frå Telenor Kystradio samt stabilitetsberegninger og godkjenning med nødvendig dokumentasjon frå godkjent foretak.
- **Følgjande er ikkje med i standard leveranse**
 - Garn/notbinge
 - Halvshelter
 - Mesanmast og segl
 - Sideport
 - Hydraulikkuttak
 - Oppdeling av lasterom
 - Roterande vindu
 - Kopling av trimtank. Vatn inn/ut
 - Navigasjonsutstyr
 - Botnstoff m sliping og grunning
 - Radio/musikkanlegg/TV m antenner
 - Thruster akter (Hekk thruster)
 - Varluftsdyse i tørkerom
 - Dekksutstyr som kraner/halere/juksamaskiner mm

Pris standard båt iflg. oversikt pr. / 2019 Kr. , - eks. MVA